



Innovasjon Norge Møre og Romsdal
Julsundvegen 4
6412 MOLDE

Regionale midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket i Møre Romsdal - 2016/2017

Regionalt næringsprogram (RNP) for 2016 gir mellom anna føringar for bruk av investeringsverkemidlar til landbruket. Programmet er fireårig, og skal reviderast. Hovudrevisjonen er på vent, mellom anna i påvente av stortingsmeldinga som er varsla våren 2017.

Innanfor programperioden har vi i Møre og Romsdal hatt ein årleg prosess for å justere føringane for bruk av investeringsvirkemiddel. Endringane frå år til år har vore små, og dreiar seg i hovudsak justeringar for å tilpasse programmet til årlege rammer og endringar i marknadssituasjonen.

LMD har i brev 4. juli 2016 «Jordbruksoppgjøret 2016 og nye føringar for IBU-ordninga» gitt nye styringssignal. Både RNP og årsramma for IN har tradisjonelt følgt kalenderåret, men i brevet frå LMD blir det opna for at Innovasjon Norge kan løyve frå 2017 ramme på hausten 2016. Dette betyr at rammene for neste år i praksis vil vere disponert tidleg i 2017, og at sakshandsaminga på 2018 rammer startar hausten 2017. Etter samråd med den regionale partnerskapen vil landbruksdirektøren oppdatere føringane for Innovasjon Norge, slik at dei blir gjeldande for alle saker som blir handsama frå 2017-ramme.

Landbruksdirektøren legg vekt på tilpassingar til det grønne skiftet, og større vekt på differensiert bruksstruktur. I dette ligg også tiltak for å stimulere til større produksjon av storfekjøtt, og meir bruk av lokale ressursar – beite og anna grovfør. Landbruksdirektøren følgjer også opp brevet frå Landbruks- og matdepartementet datert 4. juli 2016 «...nye krav til dyrevelferd, irekna kravet om lausdriftsfjøs, og fornying av driftsapparatet skal vekleggjast...»

Føringane for løyvingar frå 2017-ramme følgjer RNP 2016, med slike endringar (sjå RNP 2016 kap 9):

Vi kjenner pr dato ikkje den fylkesvise fordelinga av budsjettet for 2017, og informasjonen om budsjettammer er derfor ikkje relevant for 2017.

Investeringar i produksjonsanlegg: Det kan gjevast investeringstilskott med inntil 33 prosent av godkjend kostnadsoverslag. Tilskottet er avgrensa oppover til kr 1 500 000.

Investeringar i samband med generasjonsskifte: Etableringstilskott ved eigarskifte er avgrensa til å gjelde investeringar med ei kostnadsgrense på kr 1 500 000. Ordninga omfattar ulike tiltak knytt til eksisterande bygningsmasse. Søkjarar kan få opp til 50 % tilskot av godkjend kostnad. Det kan berre løyvast tilskot etter denne ordninga dei første 5 åra etter overtakinga. Søkjar må vere under 35 år.

Andre føringar som skal leggjast til grunn ved løyvingar frå 2017-ramme:

Innovasjon Norge skal ikkje finansiere båsfjøsar for mjølkeproduksjon på ku.

Innovasjon Norge skal ikkje finansiere nyetableringar for sau, eller prosjekt med planlagt produksjonsauke på meir enn 25%. Dette er ikkje til hinder for at tiltak som går på fornying og tilpassing kan få finansiering.

Saker som går på å etablere eller utvide økologisk produksjon skal under elles like forhold prioriterast framfor konvensjonelt. Prioriteringa av økologisk produksjon er på vilkår av at varene skal ut på marknaden som økologiske produkt.

Landbruksdirektøren viser til brev datert 12.2.2016 «*Regionale midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU midlar) i Møre og Romsdal i 2016 - Regionalt næringsprogram for Møre og Romsdal 2016*». Med dei endringane det er vist til over, skal handsaminga av sakene følgje føringane som er gitt for 2016.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
Landbruksdirektør

Ottar Longva

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal bondelag	Fannestrandvegen 63	6415	MOLDE
Møre og Romsdal bonde og småbrukarlag	v Stein Brubæk	6636	ANGVIK

